

Referat fr  m te i r det ved Institutt for framandspr k

Referatet er godkjent.

Møtedato: onsdag 15. januar 2014

Stad: seminarrom 400 i HF-bygget

Desse møtte:

Frå gruppe A: Ludmila Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Benedicte Irgens (japansk/kinesisk), Lillian Helle (russisk), Kjetil Berg Henjum (tysk) og Leiv Egil Breivik (instituttleiar).

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: ingen

Frå gruppe D: Henriette Solheim og Elin Kristiansen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær for rådet.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøta 2. oktober og 13. november

Godkjende med merknaden frå Helge Vidar Holm i innkallinga.

Sak 3 – orienteringssaker

- | | |
|--|---|
| A. Møteplan for instituttrådet våren 2014: | onsdag 15. januar kl. 11.15
onsdag 29. januar kl. 12.15
onsdag 19. mars kl. 12.15
onsdag 21. mai kl. 12.15 |
|--|---|

Utdannings-, forsknings- og forskarutdanningsmeldinga blir sende på sirkulasjon til medlemane av rådet kring 1. mars.

Sak 4 – medlem oppnemnt av instituttrådet til

Reidar Veland gjekk ut underdrøftinga av denne saka sidan han var foreslått som vararepresentant for Lotsberg Bryn i innstillingsutvalet.

Vedtak (samrøystes): Instituttrådet peikar ut Brita Lotsberg Bryn som medlem av innstillingsutvalet for instituttleiarstillinga ved IF. Reidar Veland er varamann for Bryn.

Sak 5 – ymse

Haugland meinte ein ved tilsetjing bør skjerpa inn at kravet om norsk/skandinavisk språk òg inkluderer å skjøna begge norske målformer. Personar som vert tilsett ved IF, skal vera i stand til å skjøna begge målformer, sjølv om vi ikkje krev at dei skal kunna produsera skriftlege tekstar på begge målformer. Haugland bad om at stillings- og intervjukomitear har dette klart føre seg og gjer aktuelle søkjrarar merksame på dette.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef